

Saksbehandlar: Emil Christensen Birkeland, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/349-6

Klagehandsaming Dispensasjon Mundalselvi kraftverk

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet tek klagen frå Sognekraft AS til følgje og vedtaket vert endra som følgjer:

Plan- og forvaltningsutvalet gjev dispensasjon frå LNF-føremål i arealdel til kommuneplan for bygging av Mundalsevli kraftverk. Kraftverket skal byggjast ut i samsvar med vilkåra sett i konsesjon frå OED.

Vedlegg:

- 1) Søknad om dispensasjon
- 2) Klage – Sognekraft
- 3) Vedtak kommunestyret 2014
- 4) Saksutgreiing 2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Plan og forvaltning har handsama dispensasjonssøknaden som sak nummer DS 127/21 etter delegert mynde og gjorde slikt administrativt vedtak:

Plan og forvaltning gjev dispensasjon frå LNF i arealdel til kommuneplan for bygging av Mundalselvi kraftverk. Kraftverket skal byggjast ut i samsvar med vilkåra satt i konsesjon, klagehandsaming hjå Olje- og energidepartementet og tilrådinga frå kommunen i 2014.

- *Anleggsperioden for Mundalselvi kraftverk skal leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.*

Det er komen inn ein klage på vedtaket frå Sognekraft AS (søkar).

Melding om vedtak vart sendt ut den 22.03.2021 med frist den 14.04.2021. Klagen vart motteke den 06.04.2021, og er rettidig framsett.

Klage frå Sognekraft

Klagar meiner kommunen ikkje har høve til å setje eigne krav som går utover krava som er gitt i konsesjon og ber om at det blir endra til eit reint dispensasjonsvedtak frå LNF, der det er OED sitt konsesjonsvedtak som set krav til utbygginga.

Administrasjonens vurdering av klagen

Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd kan kommunen gi dispensasjon dersom ikkje omsyna bak føresegna det blir søkt dispensasjon frå, eller føremålet i lova vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

I lovforarbeida er det slått fast at vilkåra for å gi dispensasjon etter § 19-2 andre ledd alltid vere til stades når det ligg føre endeleg konsesjon etter energilova, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) side 243.

Etter pbl. § 19-2 første ledd andre punktum kan det setjast vilkår for dispensasjonen, jamfør alminneleg ulovfesta forvaltningsrett (vilkårslæren). Det går ikkje fram av lovforarbeida at høvet til å stille vilkår for ei dispensasjon vert avskoren som følge av konsesjonshandsaminga. Kommunen er planmynde og moglegheiten til å setje vilkår for dispensasjonsvedtaket er heimla i lova. Vi vurderer ut i frå dette at det ikkje ligg føre feil i sakshandsaminga, slik det er klaga på.

I dispensasjonsvedtaket er ikkje grunnlaget for vilkåret vurdert. Kommunen har tidlegare handsama saka gjennom konsesjonssøknad til kommunestyret i sak 14/14, den 24.04.2014, arkivsak 13/3932. Vedtaket frå 2014 gjaldt 7 småkraftverk i kommunen, Mundalselvi inkludert.

NVE gav i første omgang avslag til Mundalselvi kraftverk. OED handsama klage på avslag for konsesjonssøknaden og vedtok at det vart gjeve konsesjon til tiltaket. Det går fram av OED sitt vedtak at «...departementet vurderer at tiltaket under visse føresetnader vil gi større fordelar enn ulemper for private og almenne interesser, jf. vassressurslova § 25.» Naturmangfald, friluftsliv og kulturminne mm. inngår som ein del av den heilskapelege vurderinga OED har gjort i saka. I konsesjon er det vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane for biologisk mangfald.

Planavdelinga vurderer at fleire avbøtande tiltak, som vilkåret her vil vere, ikkje er naudsynt då dette er forhold som tidlegare har vore vurdert i konsesjonshandsaminga.

Lovforarbeida til plan- og bygningslova fastset at denne typen tiltak skal handsamast gjennom konsesjon:

«Når det gjelder tiltak som konsesjonsbehandles etter vannressursloven, vassdragsreguleringsloven og energiloven legges det til grunn at sektormyndighetens syn avklares og tas stilling til gjennom konsesjonsbehandlingen, [...]»

Der det er gjeve konsesjon til eit tiltak etter vassressurslova vil alltid vilkåret for å gje dispensasjon vere til stades. Slikt sett er vurderinga allereie gjort i

konsesjonshandsaminga og kommunen si vurdering av pbl. § 19-2 bør etter administrasjonens vurdering ikkje vere annleis enn det som kjem fram av konsesjon.

Administrasjonen vurderer at grunnlaget for vilkåret som vart vedteke i kommunestyret i 2014 allereie er vurdert hjå overordna styresmakt og at vilkåret bør takast ut av vedtaket om dispensasjon frå arealføremålet.

2. Konklusjon

Kommunalsjef rår til at plan- og forvaltningsutvalet tek klagen til følgje. Vedtaket vert grunngjeve med at vurderinga som ligg til grunn for vilkåret har vore gjort i handsaminga hjå overordna styresmakt.